

Solbakken – Tolo

7 naust i rekkje

Hardangerfjordvegen, gnr/bnr 32/12, Norheimsund, Kvam herad

Type: Sjølveigande naust

Bruttoareal: (BTA) 34,00 m² Bruksareal: (BRA) 30,8 m²

Fellesareal: ~ 92 m² Parkeringsareal: ~ 125 m²

FASILITETAR

Straum – lys type led, stikkontaktar ein- & trefasa

Vatn – ein stk 1/2" kran

Avløp

Elektrisk vinsj, dersom ynskjeleg – med eit noko tillegg i pris.

Einingar i prosjektet

Sorter etter eining (frå nordvest til søraust)

Enhet	Etasje	BRA	Soverom	Totalpris
A	<u>1</u>	<u>30,8 m²</u>	<u>0</u>	Seld
B	<u>1</u>	<u>30,8 m²</u>	<u>0</u>	1 350 000 kr
C	<u>1</u>	<u>30,8 m²</u>	<u>0</u>	1 350 000 kr
D	<u>1</u>	<u>30,8 m²</u>	<u>0</u>	1 350 000 kr
E	<u>1</u>	<u>30,8 m²</u>	<u>0</u>	1 350 000 kr
F	<u>1</u>	<u>30,8 m²</u>	<u>0</u>	1 350 000 kr
G	<u>1</u>	<u>30,8 m²</u>	<u>0</u>	Seld

BYGGJEMÅTE

Nausta vert oppført i tråd med gjeldande teknisk forskrift – TEK17. Skiljevegg mellom nausta vert bygd slik at kvart naust vert eige branncelle. I ein avstand på 2 meter bak nausta vert det ført opp ein støttemur. Her vert det såleis ein passasje som gjev tilgang til kvart einskild naust frå baksida. Taket over passasjen vert ei betongplate som og vert den delen av parkeringsplassen som ligg nærast nausta. Veggane vert i hovudsak oppført i bindingsverk i tre med utvendig malt kledning. Plassbygd tofløya port i vegg mot sjøen, dør i bakvegg og luke i gavl mot parkeringsplass. Golv vert plasstøypd betong. Tak vert utført med prefabrikkerte takstolar og tekking med profilert takstein eller takplater.

INNHALD

Eigedomen ligg om lag 1,7 km frå Norheimsund og om lag 4,3 km frå Øystese sentrum, på nedsida av Hardangerfjordvegen, fylkesveg 79. Avkøyrsla er i ein yttersving på vegen, rett ved sida av eit busstopp.

Manøvreringsareal/parkeringsplass ligg på utsida av gang og sykkelvegen her og grensar mot naustrekkja på den andre sida. Solbakken naust er samansett av 7 naust i rekkje, gruppert med 3 og 4 naust. Mellom desse vert det ein passasje på 2 meter som gjev tilgang til båthamna/marinaen som ligg utafor.

Nausta er på eit plan, luke i gavlvegg i nordaust mot parkeringsplass gjev tilgang til eventuell lagring opp på «hanebjelkar».

Det vil ikkje verta høve til båtfeste rett utafor kvart naust, men det vert lagt opp til at kjøpar får tilbod om leige av båtplass i båthamna/marinaen, Solbakken bryggje.

TOMT

Tomtestorleik for gnr 32 bnr 12, Kvam herad, er 851 m². Ein del av denne tomta er omfatta av naustprosjektet. Endeleg storleik og matrikelnummer vil verta klart når eigedomen er seksjonert.

Utvendige fellesareal vert opparbeid hovudsakleg med grus. Manøvrerings- og parkerings areal er planlagd å asfaltera. Framfor naustrekkja i sørvest mot sjø vert det båtøpptrekk i betong for kvart naust.

VATN

Privat fram til tilknytning til det kommunale anlegget. Vassmålar for kvart naust.

STRAUM

Kvart naust vil ha eige abonnement og eige utvendig sikringsskap.

PARKERING

Enkel avkøyrsløse/tilgjenge frå fv 49 til god parkering rett på oversida av naustrekka.

REGULERINGSTILHØVE

Reguleringsplan ID 4622 19850004. Tolo – Gardsenden m/ småbåthamn.

Arealføremål: Anna byggjeområde.

FORSIKRING

Utbyggjar forsikrar eigedomen i byggjeperioden. Frå overtaking vil eigedomen vera forsikra i sameige si fellesforsikring.

SAMEIGE

Oppretta og konstituera eigarseksjonssameige det fyrste året. Vedtektene som vert fastsette, vil synleggjera fellesoppgåver/-ansvar og felleskostnader.

PRIS

Kr 1 350 000,-

OMKOSTNINGAR

1. Dokumentavgift til staten: 2,5% av tomteverdi kr 5000,-
2. Tinglysingsgebyr skøyte kr. 545,-
3. Tinglysingsgebyr for pantedokument kr 545,-
4. Grunnbokutskrift kr 260,-
5. Oppstartskapital sameige

AVGIFTER

Kommunale avgifter og eigedomsskatt vert å betala direkte av kvar einskild seksjonseigar.

Fellesutgifter for sameige.

HEFTE OG RETTAR

Seksjonane vert overdregne med dei rettar og plikter som går fram av grunnboka.

Hefte ved Gnr/Bnr 32/12 , div. semje om veg, båt/bryggjeplass, vassrett, vatn-
/kloakkleidning